



# Innst. 353 L

(2010–2011)

## Innstilling til Stortinget frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen

Prop. 96 L (2010–2011)

### Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om endringar i opplæringslova og privatskolelova (politiattest m.m.)

Til Stortinget

#### Samandrag

Departementet gjer i proposisjonen framlegg om endringar i opplæringslova og privatskolelova. Departementet tek sikte på at lovendingane blir sette i verk 1. august 2011.

Etter lovframlegget vil departementet justere reglane om politiattest i samsvar med ny politiregisterlov og innføre føresegner om politiattest for skoleliknande aktivitetstilbod. Dette gjeld så vel opplæringslova som privatskolelova.

Kravet om politiattest skal i samsvar med noverande rett gjelde både fast og mellombels tilsetjing. Ikkje berre seksuelle lovbrøt, men òg grove volds-, rans- og narkotikalovbrøt skal no takast med. Heime-len gjeld likt for musikk- og kulturskolar, SFO, leksehjelp og «skoleliknande aktivitetstilbod», dvs. slike tilbod i regi av skoleregionen, med tilknytning til skolen og karakter av opplæring. Døme på det siste er sommarskole. Det gjeld òg assistentar, men ikkje foreldre/pårørande. Etter framlegget er verkeområdet utvida til også å gjelde vidaregåande skole for andre som regelmessig oppheld seg der.

I privatskolelova vil departementet i tillegg lovfeste rett til utvida opplæringstid for elevar med spesialundervisning eller særskild språkundervisning i private vidaregåande skolar.

I opplæringslova vil departementet føre inn ein lovheimel slik at fylkeskommunen, etter søknad, kan få løyve til å stå ansvarleg for norsk vidaregåande

opplæring i utlandet, når føremålet er at elevane skal få norsk vitnemål.

Departementet foreslår òg å oppdatere tilsynsføresegna i samsvar med ny struktur for tilsynsordning, jf. Meld. St. 7 (2009–2010) Gjennomgang av særlovshjemler for statlig tilsyn med kommunene og kommunelova.

I departementet sitt høringsbrev 20. oktober 2010 med frist 10. januar 2011 var det eit forslag om innføring av kompetansekrav for undervisning. Dette forslaget vil bli handsama i ein eigen proposisjon seinare.

Departementet legg til grunn at det ikkje vil vere vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar av framlegget om å utvide kravet om politiattest til «skoleliknande aktivitetstilbod». Den frivillige ordninga med eit norsk vidaregåande tilbod i utlandet vil vere eit fylkeskommunalt ansvar, økonomisk og administrativt. Godkjenning av slike opplegg inneber ikkje rett til stønad. Men staten må rekne med visse kostnader knytte til eksamen og tilsyn.

Når det gjeld utvida opplæringstid i private vidaregåande skolar, meiner departementet at lovframlegget ikkje vil føre med seg vesentlege endringar i løyvingane. Grunnen er at det også i dag i praksis blir utbetalt statstilskot for elevar som følgjer opplæring på fjerde og femte året i slike skolar.

#### Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Tor Bremer, Svein Gjelseth, Anna Ljunggren, Hadia Tajik, Truls Wickholm og leiaren Marianne Aasen, frå Framstegspartiet, Jon Georg Dale, Tord Lien og Bente Thorsen, frå Høgre, Elisabeth Aspaker, Svein Harberg og

Henning Warloe, frå Sosialistisk Venstreparti, Aksel Hagen, frå Senterpartiet, Johannes Rindal, frå Kristeleg Folkeparti, Dagrun Eriksen, og frå Venstre, Trine Skei Grande, viser til proposisjonen og sluttar seg til dei forslaga til lovendringar som departementet legg fram.

### Politiattest

Komiteen ser behovet for å innføre krav om politiattest for dei som skal arbeide med barn i skolen eller som på ulike vis har omsorg for mindreårige i aktivitetar knytte til skolen. Komiteen er einig i dei forslaga og avgrensingane av dette som går fram av proposisjonen.

Komiteen viser til at Utdanningsdirektoratet i høyringsinnspellet sitt meiner det bør innførast krav om politiattest for personar som blir tilsette for å gje spesialpedagogisk hjelp til barnehagebarn, når dette finn stad utanfor barnehagen.

Komiteen ber regjeringa kome attende til Stortinget og fremje forslag om å innføre eit slikt lovfesta krav på eigna måte.

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet og Høyre viser til at flere høringsinstanser, blant annet Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU), er tydelige på at det generelle yrkesforbudet for personer som har anmerking om seksuelle overgrep mot barn, også må gjelde for arbeid i videregående opplæring.

Disse medlemmer mener at hensynet til elevene, uansett alder, har stor betydning, og finner at argumentene som kommer frem for å innføre et generelt yrkesforbud også i videregående utdanning, er høyst relevante. Elever i videregående skole er fremdeles i en sårbar alder og oppfatter ofte de voksne som arbeider der, som autoritetspersoner i forhold til elevene. Derfor er det viktig at elevene er trygge på at ingen av de som arbeider i videregående skole, er dømt for seksuelle overgrep mot mindreårige.

Grunnen til ikke å ville innføre et generelt yrkesforbud i videregående utdanning for personer som har anmerking om seksuelle overgrep mot barn, oppgis å være at tilsettingsmyndigheten gjennom intervju og andre undersøkelser kan gjøre seg kjent med bakgrunnen til den som blir tilbudt en stilling. Disse medlemmer er av den oppfatning at det i noen tilfeller ikke er like enkelt å få frem slike opplysninger gjennom intervju og ved utspørring av tidligere arbeidsgivere. Samtidig er det viktig å påpeke at en politiattest i seg selv ikke garanterer mot fare for seksuelt misbruk. Men krav om attest viser at det stilles spesielle krav til yrkesutøvere også i videregående utdanning.

Disse medlemmer fremmer derfor følgende forslag:

«I opplæringslova skal § 10-9 tredje ledd lyde:

Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, kan ikkje tilsetjast fast eller mellomtids i grunnskolen, i vidaregåande skole eller i musikk- og kulturskolen, i skolefritidsordninga, for å gi leksehjelp eller i skoleliknande aktivitetstilbod som nemnd i første ledd. I andre tilfelle må konsekvensane av merknader på politiattesten vurderast konkret.»

Komiteens medlem fra Venstre viser, når det gjelder justering av reglene om politiattest, til følgende generelle merknad om politiattester i skole-sammenheng fra Innst. 279 L (2009–2010) om endringer i opplæringslova og privatskolelova:

«Komiteens medlem fra Venstre deler de prinsipielle betenkningene bl.a. Datatilsynet fremfører vedrørende forslaget om å innføre krav om politiattest ved musikk- og kulturskoler, og som er gjengitt i proposisjonen. Dette medlem deler også betraktningen fra samme instans om at det kan være «uheldig og ulogisk å ikke oppstille samme vern på dette område for elever ved musikk- og kulturskoler, som ved ansettelse i grunnskolen, videregående skole og skolefritidsordningen». Dette medlem vil imidlertid understreke at det er sannsynlig at få, om noen, overgrep stoppes ved en politiattest alene.»

### Tilsyn

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet viser til at både KS og skoleeiere i mange tilfeller peker på at de lovbruddene som er påvist etter at tilsynsmyndigheten har utført tilsyn, fremstiller bruddene som lite viktige og at avvik og merknader bare gjelder bagateller. Dette kan føre til en generell svekking av alvorret ved avdekkede lovbrudd, og dermed gjøres det mindre fra skoleeiers side for å rette opp i dette.

Disse medlemmer viser til at avvik blir definert som mangel på oppfylling av krav fastsatt i eller i medhold av lov eller forskrift. Merknad gjelder på sin side forhold som ikke blir omfattet av definisjonen for avvik, men som fylkesmannen mener det er nødvendig å påpeke, slik at kommunen kan bedre forholdene.

Selv om definisjonen på de ulike begrepene tydeliggjør innholdet i begrepene, mener disse medlemmer det er behov for en klarere tilbakemelding til skoleansvarlig for å tydeliggjøre enda bedre forskjellen på avvik og merknad.

Med bakgrunn i den fremstilling mange skoleeiere og KS gir i forbindelse med avdekkede lovbrudd, fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen utarbeide tydeligere tilbakemeldingsbegrep til skoleansvarlig i forbindelse med avvik og merknad som er avdekket etter tilsyn utført av tilsynsmyndighet.»

### Fagkrav for å undervise

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre og Venstre viser til at det i den foreutgående høringsprosessen knyttet til denne proposisjonen også har vært drøftet hvorvidt man skal innføre krav til relevant fagkompetanse hos læreren for å undervise i de enkelte fag, jf. høringsnotat datert 19. oktober 2010. Imidlertid er dette forslaget droppet i selve proposisjonen, og utsatt i påvente av at departementet skal gå «noen runder til» om denne saken, jf. svar fra statsråd Kristin Halvorsen i Stortinget 27. april 2011. Disse medlemmer beklager at forslaget om innføring av relevante fagkrav for å undervise således er utsatt, og ikke er en del av behandlingen av denne proposisjonen.

Disse medlemmer viser til at det er bred enighet om at lærernes kompetanse er det som er aller viktigst for elevenes læring. Etter disse medlemmers mening kan det ikke lenger være slik at lærere underviser i fag som de ikke har noen utdanning i. Det er derfor helt avgjørende at en setter tydelige krav til at lærere skal ha en faglig bakgrunn i fagene som de underviser i, og at Stortinget snarest mulig innfører krav om dette.

Disse medlemmer mener at alle lærere fra og med ungdomstrinnet skal ha en faglig bakgrunn tilsvarende 60 studiepoeng i sine undervisningsfag. Innføringen av et slikt krav til kompetanse må også sees i sammenheng med disse partiers ønske om å gradvis sikre videreutdanning for alle lærere i alle fag.

### Forslag fra mindretal

#### Forslag fra Framstegspartiet og Høgre:

##### Forslag 1

I opplæringslova skal § 10-9 tredje ledd lyde:

Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, kan ikkje tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen, i vidaregåande skole eller i musikk- og kulturskolen, i skolefritidsordninga, for å gi leksehjelp eller i skoleliknande aktivitetstilbod som nemnd i første ledd. I andre tilfelle må konsekvensane av merknader på politiattesten vurderast konkret.

#### Forslag fra Framstegspartiet:

##### Forslag 2

Stortinget ber regjeringen utarbeide tydeligere tilbakemeldingsbegrep til skoleansvarlig i forbindelse med avvik og merknad som er avdekket etter tilsyn utført av tilsynsmyndighet.

### Tilråding frå komiteen

Komiteen viser til proposisjonen og merknader og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

om endringar i opplæringslova og privatskolelova (politiattest m.m.)

#### I

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort desse endringane:

§ 1-2 andre ledd skal lyde:

*Lova gjeld også for grunnskoleopplæring i private grunnskolar som ikkje får statstilskott etter privatskolelova, og for privat heimeopplæring i grunnskolen.*

§ 1-2 nytt fjerde ledd skal lyde:

*Etter søknad frå fylkeskommunen kan departementet gi løyve til at fylkeskommunen kan stå ansvarleg for vidaregåande opplæring i utlandet som har som formål at elevane skal få norsk vitnemål ved fullført og bestått opplæring. Opplæringslova gjeld for opplæringa. Så langt det er forsvarleg og nødvendig, kan departementet likevel gjere unntak frå føresegner i lova og forskrifter til lova. Departementet kan endre vilkåra når tilhøva tilseier det, og kan om nødvendig også kalle tilbake det løyvet som er gitt.*

Kapittel 10 overskrifta skal lyde:

#### **Kapittel 10 Personalet i skolen m.m.**

§ 10-9 skal lyde:

§ 10-9 *Politiattest*

Den som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen eller i vidaregåande skole, i musikk- og kulturskolen etter § 13-6, i skolefritidsordninga etter § 13-7 eller for å gi leksehjelp etter § 13-7 a, må leggj fram politiattest med tilsvarande innhald som er nemnd i politiregisterlova § 39 første ledd. Kravet gjeld også for personar som skal tilsetjast fast eller mellombels i skoleliknande aktivitetstilbod. Skoleliknande aktivitetstilbod vil seie aktivitetstilbod i regi av skoleeigaren med tilknytning til skolen, og som har karakter av opplæring.

Skoleeigaren kan også krevje politiattest som nemnd i politiregisterlova § 39 første ledd av andre personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen, i vidaregåande skole eller i tilbod som nemnd i første ledd.

Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, kan ikkje tilsetjast fast eller mel-

lombels i grunnskolen eller i musikk- og kulturskolen, i skolefritidsordninga, for å gi leksehjelp eller i skoleliknande aktivitetstilbod som nemnd i første ledd. I andre tilfelle må konsekvensane av merknader på politiattesten vurderast konkret.

Departementet gir nærmare forskrifter.

§ 13-6 andre ledd skal lyde:

*For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.*

§ 13-7 sjette ledd skal lyde:

*For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.*

§ 13-7 a tredje ledd skal lyde:

*For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.*

Kapittel 14 skal lyde:

#### **Kapittel 14 Tilsyn m.m.**

§ 14-1 Statleg tilsyn

*Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova kapittel 1-16 (kommunepliktene). Reglane i kommunelova kapittel 10 A gjeld for denne tilsynsverksemda.*

*Departementet fører tilsyn med at andre plikter i eller i medhald av opplæringslova enn kommunepliktene blir oppfylte. Reglane i kommunelova §§ 60 c og 60 d gjeld tilsvarande for tilsynsverksemd etter dette leddet.*

§ 14-2 Statleg råd og rettleiing

*Departementet gir råd og rettleiing i spørsmål som gjeld verksemdar etter denne lova, og skal elles samarbeide med kommunar, fylkeskommunar og eigarar av private skolar for å sikre eit godt og likeverdig opplæringstilbod i samsvar med lov og forskrifter.*

§ 14-3 Kommunalt tilsyn med heimeopplæring

*Kommunen fører tilsyn med den pliktige opplæringa for barn og unge som ikkje går på skole, og kan òg kalle dei inn til særskilde prøver. Kommunen skal krevje at barnet eller den unge skal gå i skole dersom dei krava lova her med forskrifter stiller til heimeopplæringa, ikkje er oppfylte.*

§ 14-4 Informasjonsinnhenting og evaluering

*Departementet kan gi forskrifter som pålegg dei ansvarlege for opplæringsverksemd etter denne lova og dei som mottar slik opplæring, å gi opplysningar*

*og delta i evalueringar og rapportere om forhold som er av betydning for evaluering av opplæringsverksemda som er omfatta av denne lova.*

## II

I lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskot blir det gjort desse endringane:

§ 3-3 fjerde ledd skal lyde:

*Opplæringslova § 3-1 fjerde ledd om omval og § 3-1 femte ledd om opplæring i inntil to år ekstra gjeld tilsvarande så langt dei passar for elevlar i vidaregåande skolar som er godkjende etter denne lova. Heimfylket gjer vedtak.*

Kapittel 4 overskrifta skal lyde:

#### **Kapittel 4 Personalet i skolen m.m.**

§ 4-3 skal lyde:

§ 4-3 Politiattest

*Den som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen eller i vidaregåande skole eller for å gi leksehjelp etter § 7-1 e, må leggje fram politiattest med tilsvarande innhald som er nemnd i politiregisterlova § 39 første ledd. Kravet gjeld også for personar som skal tilsetjast fast eller mellombels i skoleliknande aktivitetstilbod. Skoleliknande aktivitetstilbod vil seie aktivitetstilbod i regi av skoleeigaren med tilknytning til skolen, og som har karakter av opplæring.*

*Skolen kan også krevje politiattest som nemnd i politiregisterlova § 39 første ledd av andre personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen, i vidaregåande skole eller i tilbod etter første ledd.*

*Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, kan ikkje tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen eller i skoleliknande aktivitetstilbod eller for å gi leksehjelp etter § 7-1 e. I andre tilfelle må konsekvensane av merknader på politiattesten vurderast konkret.*

Departementet gir nærmare forskrifter.

§ 7-1 e nytt tredje ledd skal lyde:

*For krav om politiattest gjeld reglane i § 4-3.*

## III

Lova blir sett i verk på det tidspunkt Kongen bestemmer. Dei enkelte føresegnene kan setjast i verk på ulike tidspunkt.

Oslo, i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, den 24. mai 2011

**Marianne Aasen**

leiar og ordførar